

Søknad om dispensasjon

Masfjorden kommune
Kommunehuset
5981 Masfjordnes

Gnr 33	Bnr 16	Stad: Austfjordvegen 2056
Tiltakshavar: Ole Erik Holmaas		
Adresse: Seimsvegen 44		
Postnr 5260	Poststad: Indre Arna	

Saka gjeld

Dispensasjonssøknad – utviding av eksisterande hytte

Det vert søkt dispensasjon frå

Kommuneplanens arealdel LNF, Pbl § 11-7 og forbod mot tiltak 100 m frå sjø Pbl § 1-8

Føremål med tiltaket/fakta

Utviding/oppjustering av eksisterande eldre hytte til ein hensiktsmessig og betre standard.

Grunngjeving

Hytta er bygd på 70-talet, og har etter notidas krav ikkje tenleg rominndeling/areal. Hytta er delvis skoten ned i terrenget. Det er delvis kjellar på hytta. Denne er uisolert og ikkje tenleg som normalt bruksareal. Dersom kjellar skulle verta isolert for varme/fukt for vanleg bruk ville takhøgda vera for liten til å bli rekna som bruksareal. Sjølv om takhøgda slik den er i dag etter reglane skal takast med som bruksareal, ber eg om at arealet i kjellaren ikkje vert rekna med når arealet skal bereknast. Alternativt søker eg om dispensasjon slik at totalt areal vert godkjent med 132,2 m² som er over grensa som er sett i kommuneplanen på 120 m². Å gjera ei utviding innanfor 120 m² medrekna kjellaren vil ikkje gje meg ei planløyising som er tenleg for framtida. Bruksarealet i 1.etg på hytta i dag er under 60 m². Med utvidinga vil arealet i 1. etasje framleis vera monaleg mindre enn maksimalgrensa sett i kommuneplanen. Eg vil etter planlagt utviding og oppjustering, få ein meir tenleg storleik og ein monaleg betre standard og bruksverdi på hytta.

Tiltaket slik det er planlagt, vil etter mi vurdering også gje eit godt estetisk inntrykk utan at det er nødvendig med store terrenginngrep. Det er i dag hytte, uthus og naust på eigedomen. Ei mindre utviding av hytta, vil ikkje føre til endringar av den strandsona som er lett synleg eller hindre tilkomst/bruk av strandsona. Eg kan ikkje sjå at omfanget og utforminga av utvidinga vil føra til noko sjenanse eller ulemper for naboar eller andre på nokon måte eller være til hinder for ferdsle eller friluftinteresser.

Konklusjon

Eg ser det slik at konsekvensen ved dispensasjon i dette tiltaket ikkje tilsidesett intensjonen i plan og bygningslova og kommunale planar.

Vedlegg:

Stad

Dato

Underskrift tiltakshavar

Vedlegg: Kartlegging for mobovarsel, oppsett av mobovarsel
Skjemaer kart. Eksisterende og nye plan, smitt og
fasede leikningar

Stad

Mosjøen

Dato

29/6-21

Underskrift tiltakshavar

